

KOMMISJONSVEDTAK

2013/EØS/38/05

av 27. august 2007

om innføring av førebyggjande vaksinasjon mot sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa og tilhøyrande føresegner om flytting av vaksinererte fuglar i Nederland(*)*[meldt under nummeret K(2007) 3977]***(Berre den nederlandske teksta er gyldig)**

(2007/590/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

- 3) I heile Nederland er det innført system for tidleg varslings og tiltak for biotryggleik, for såleis å redusere risikoen for overføring av aviær influensa til fjørflokkar.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2005/94/EF av 20. desember 2005 om fellesskapstiltak for bekjempelse av aviær influensa og om oppheving av direktiv 92/40/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 57 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtar:

- 1) Aviær influensa er ein smittsam virussjukdom hjå fjørfe og andre fuglar, og er årsak til død og forstyrringar som fort kan utvikle seg til ein epizooti, og kan såleis vere eit alvorleg trugsmål mot dyrehelsa og under visse omstende mot menneskehelsa, og kan òg føre til lågare lønsemd innanfor fjørfeavl.

- 2) Det sterkt sjukdomsframkallande aviær influensaviruset A av understype H5N1 er vorte isolert frå fjørfe og viltlevande fuglar i visse delar av Fellesskapet og i tredjestatar. Risikoen for at dette viruset skal spreie seg til fjørflokkar, særleg frå viltlevande fuglar, er aukande i Fellesskapet.

- 4) Vitskapsgruppa for dyrehelse og dyrevelferd til Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) har i dei vitskapelege fråsegnene sine om dyrehelse og dyrevelferd i samband med aviær influensa, om den rolla som viltlevande fuglar spelar når det gjeld spreing av aviær influensa og om vaksinasjon av fjørfe, fuglar i fangenskap og i zoologiske hagar mot aviær influensa, rådd til at førebyggjande vaksinasjon kan vurderast dersom det vert påvist ein høg risiko for at viruset kan verte innført, særleg i område der det finst mange driftseiningar for fjørfe.

- 5) I tillegg slår EFSA fast at under ein epidemi med aviær influensa er det alltid ein stor risiko for at fuglar som vert haldne for hobbyføremål og som kjæledyr, vert haldne skjulte, og utgjer ein varig risiko for infeksjon. Denne risikoen bør det takast omsyn til, og i staden for å avlive alle slike fuglar, kan det vere tilrådeleg å innføre auka overvaking og biotryggleik. Karantene og førebyggjande vaksinasjon kan òg vurderast som moglege tiltak når det gjeld desse typane fuglar. Ein slik praksis bør likevel ikkje setje i fare dei strenge tiltaka med omsyn til biotryggleik og anna som bør vere sette i verk i slike område, og som tek sikte på å hindre all innføring av viruset. Førebyggjande vaksinasjon kan særleg nyttast på flokkar der det vert nytta allmenne oppdrettsformer som inneber at fuglane ikkje oppheld seg innandørs heile tida, eller er tilstrekkeleg verna mot kontakt med viltlevande fuglar.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 222 av 28.8.2007, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 40/2008 av 25. april 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 21.8.2008, s. 1.

(1) TEU L 10 av 14.1.2006, s. 16.

- 6) Ved kommisjonsvedtak 2006/147/EF av 24. februar 2006 om innføring av forebyggjande vaksinasjon mot sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa av type H5N1 og tilhøyrande føreseger om flytting av vaksinerde fuglar i Nederland⁽¹⁾ vart planen for forebyggjande vaksinasjon mot sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa av type H5N1, som Nederland la fram for Kommissjonen 21. februar 2006, godkjend, med endringar av og lenging av planen fram til 31. juli 2007 (heretter kalla «planen for forebyggjande vaksinasjon»). I vedtaket er det fastsett visse tiltak som skal nyttast i Nederland når det vert utført forebyggjande vaksinasjon ved visse driftseiningar for fjørfe som er særleg utsette for risiko for å verte smitta av denne sjukdommen, medrekna restriksjonar på flytting av vaksinert fjørfe.
- 7) Ut ifrå dei røynslene frå forebyggjande vaksinasjon under naturlege tilhøve som er hausta ved gjennomføringa av planen for forebyggjande vaksinasjon, bør dette prøveprosjektet førast vidare, slik at det kan skaffast meir kunnskap om utviklinga og omfanget av immunitet hjå fuglar under kontrollerte tilhøve.
- 8) For dette føremålet la Nederland fram ein ajourført plan for forebyggjande vaksinasjon 29. juni 2007, som skal nyttast fram til 31. juli 2009. Kommissjonen har granska denne ajourførde planen i samarbeid med Nederland, og vurderer det slik at han etter visse tilpassingar er i samsvar med det gjeldande fellesskapsregelverket for dyrehelse. Den ajourførde planen for forebyggjande vaksinasjon bør difor godkjennast.
- 9) For føremåla med slik forebyggjande vaksinasjon bør det berre nyttast vaksinar som er godkjende i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF av 6. november 2001 om innføring av et fellesskapsregelverk for veterinærpreparater⁽²⁾ eller europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 726/2004 av 31. mars 2004 om fastsettelse av framgangsmåter i Fellesskapet for godkjenning og overvåking av legemidler for mennesker og veterinarpreparater og om opprettelse av et europeisk legemiddelkontor⁽³⁾.
- 10) Når det vert utført forebyggjande vaksinasjon i Nederland, bør både vaksinerde og uvaksinerde fjørfeflokkar overvakast, og det bør innførast restriksjonar på flytting av vaksinerde fuglar, slik at ei eventuell spreiding av viruset i vaksinerde flokkar som vert eksponerte for feltvirus, kan hindrast.
- 11) I tillegg bør det leggjast visse restriksjonar på flytting av fjørfe og fjørfeprodukt som tiltaka for forebyggjande vaksinasjon i dette vedtaket, gjeld for. Desse restriksjonane bør ta omsyn til dei reglane som er fastsette i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 852/2004 av 29. april 2004 om næringsmiddelhygiene⁽⁴⁾, europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 853/2004 av 29. april 2004 om fastsettelse av særlege hygieneregler for næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽⁵⁾ og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 854/2004 av 29. april 2004 om fastsettelse av særlege regler for gjennomføringa av offentlig kontroll av produkter av animalsk opprinnelse beregnet på konsum⁽⁶⁾.
- 12) Av omsyn til klarleiken i fellesskapsregelverket bør vedtak 2006/147/EF opphevast.
- 13) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

I dette vedtaket er det fastsett visse tiltak som skal nyttast i Nederland når det vert utført forebyggjande vaksinasjon ved visse driftseiningar for fjørfe som er særleg utsette for risiko for å verte smitta av aviær influensa, medrekna restriksjonar på flytting av vaksinert fjørfe og visse fjørfeprodukt.

⁽¹⁾ TEU L 55 av 25.2.2006, s. 47. Vedtaket endra ved vedtak 2006/528/EF (TEU L 208 av 29.7.2006, s. 39).

⁽²⁾ TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/28/EF (TEU L 136 av 30.4.2004, s. 58).

⁽³⁾ TEU L 136 av 30.4.2004, s. 1. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 1901/2006 (TEU L 378 av 27.12.2006, s. 1).

⁽⁴⁾ TEU L 139 av 30.4.2004, s. 1, retta ved TEU L 226 av 25.6.2004, s. 3.

⁽⁵⁾ TEU L 139 av 30.4.2004, s. 55, retta ved TEU L 226 av 25.6.2004, s. 22. Forordninga sist endra ved rådsforordning (EF) nr. 1791/2006 (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 1).

⁽⁶⁾ TEU L 139 av 30.4.2004, s. 206, retta ved TEU L 226 av 25.6.2004, s. 83. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1791/2006/EF.

*Artikkel 2***Definisjonar**

I dette vedtaket skal dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i direktiv 2005/94/EF, nyttast.

Vidare tyder:

- a) «hobbyfjørfe» kjuklingar, kalkunar og andre artar som tilhøyrrer ordenen *Galliformes*, og ender, gjæser og andre artar som tilhøyrrer ordenen *Anseriformes*, som vert haldne av eigarane
- i) for deira eige konsum eller eigen bruk, eller
- ii) som kjæledyr.
- b) «økologiske og frittgåande verpehøner»
- i) verpehøner slik det er definert i artikkel 2 nr. 2 bokstav a) i rådsdirektiv 1999/74/EF⁽¹⁾, og
- ii) som har tilgang til utandørsområde.

*Artikkel 3***Godkjenning av vaksinasjonsprogrammet**

1. Planen for førebyggjande vaksinasjon mot sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa, som vart lagd fram for Kommisjonen av Nederland 29. juni 2007 og skal gjennomførast fram til 31. juli 2009 («planen for førebyggjande vaksinasjon»), er godkjend.

2. Kommisjonen skal offentleggjere planen for førebyggjande vaksinasjon.

*Artikkel 4***Vilkår for gjennomføring av planen for førebyggjande vaksinasjon**

1. Nederland skal syte for at den førebyggjande vaksinasjonen av hobbyfjørfe og økologiske og frittgåande verpehøner vert utført i samsvar med planen for førebyggjande vaksinasjon, med ein inaktivert heterolog vaksine av aviær influensa-virus av undertype H5 eller av ein toverdig inaktivert heterolog vaksine av aviær influensa-virus som inneheld både undertype H5 og H7, og som er godkjend av den nemnde medlemsstaten eller av Fellesskapet i samsvar med direktiv 2001/82/EF eller forordning (EF) nr. 726/2004.

⁽¹⁾ TEF L 203 av 3.8.1999, s. 53.

2. Nederland skal syte for nøye oppfølging og overvaking av hobbyfjørfe og flokkar av økologiske og frittgåande verpehøner som er omfatta av førebyggjande vaksinasjon, slik det er fastsett i planen for førebyggjande vaksinasjon.

3. Nederland skal syte for at planen for førebyggjande vaksinasjon vert gjennomført på ein effektiv måte.

*Artikkel 5***Restriksjonar på flytting og sending av hobbyfjørfe, medrekna daggamle kjuklingar og rugeegg frå slikt fjørfe**

1. Den rette styresmakta skal syte for at ingen fjørfe, medrekna daggamle kjuklingar og rugeegg som stammar frå driftseiningar med hobbyfjørfe der det vert utført vaksinasjon, vert flytta til andre driftseiningar for fjørfe i Nederland eller sende til ein annan medlemsstat.

2. Som unntak frå nr. 1 og på det vilkåret at dei vert identifiserte individuelt, kan hobbyfjørfe flyttast til andre driftseiningar for hobbyfjørfe eller samlast mellombels for framsyningar og utstillingar

a) i Nederland,

b) i ein annan medlemsstat som har gjeve samtykke til dette.

Alle slike flyttingar eller samlingar må vere i samsvar med planen for førebyggjande vaksinasjon, m.a. ved at det vert ført eit register over slike flyttingar og samlingar.

*Artikkel 6***Restriksjonar på flytting av økologiske og frittgåande verpehøner**

Den rette styresmakta skal syte for at økologiske og frittgåande verpehøner frå driftseiningar der det vert utført vaksinasjon, berre vert flytta

a) til andre driftseiningar i Nederland der det vert utført førebyggjande vaksinasjon,

b) til eit slakteri i Nederland for omgåande slakting, eller

c) til eit slakteri i ein annan medlemsstat for omgåande slakting dersom mottakarmedlemsstaten har gjeve samtykke til dette.

*Artikkel 7***Helsesertifikat for handel innanfor Fellesskapet med fjørfe, daggamle kjuklingar og rugeegg**

1. Nederland skal syte for at helsesertifikata for handel innanfor Fellesskapet med fjørfe, daggamle kjuklingar og rugeegg frå Nederland som er nemnde i artikkel 5 nr. 2 og nr. 6 bokstav c), inneheld følgjande tekst:

«Fjørfe/daggamle kjuklingar/rugeegg(*) som er i samsvar med dei reglane som er fastsette i vedtak 2007/590/EF og er vaksinerte/stammar frå fjørfe som er vaksinerte(*) mot aviær influensa den ... (dato) med vaksinen ... (namn).

(*) Stryk det som ikkje passar.»

2. Nederland skal syte for at helsesertifikata for handel innanfor Fellesskapet med andre fjørfe, daggamle kjuklingar og rugeegg frå Nederland enn dei som er nemnde i nr. 1, inneheld følgjande tekst:

«Sendinga omfattar fjørfe/daggamle kjuklingar/rugeegg(*) som stammar frå driftseiningar der det ikkje er utført vaksinasjon mot aviær influensa.

(*) Stryk det som ikkje passar.»

*Artikkel 8***Restriksjonar på sending av egg som er meinte for direkte konsum**

Den rette styresmakta skal syte for at egg som er meinte for direkte konsum og stammar frå og/eller kjem frå driftseiningar der det vert halde økologiske og frittgåande verpehøner og der det vert utført førebyggjande vaksinasjon, vert sende til andre medlemsstatar berre dersom dei oppfyller dei følgjande vilkåra:

- a) egga som er meinte for direkte konsum, stammar frå fjørfe med opphav i driftseiningar der det med tanke på sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa og i samsvar med planen for førebyggjande vaksinasjon er vorte utført jamlege kontrollar og prøvingar med negative resultat, med særleg merksemd retta mot kontrollfuglar, og
- b) egga som er meinte for direkte konsum, vert transporterte direkte
 - i) til eit pakkeri som er utpeikt av den rette styresmakta, der dei vert pakka i eingongsemballasje eller i behaldarar, på brett eller i annan emballasje som kan nyttast om att, og som må reinsast og desinfiserast før og etter kvar bruk i samsvar med dei instruksjonane og biotryggleikstiltaka som den rette styresmakta krev, eller

- ii) til ei verksemd som framstiller eggprodukt, i samsvar med avsnitt X kapittel II i vedlegg III til forordning (EF) nr. 853/2004 for handtering og handsaming i samsvar med kapittel XI i vedlegg II til forordning (EF) nr. 852/2004.

*Artikkel 9***Restriksjonar på sending av kjøt, kverna kjøt, foredla kjøt, mekanisk utbeina kjøt og kjøtprodukt som kjem frå vaksinerte økologiske og frittgåande verpehøner**

1. Den rette styresmakta skal syte for at kjøt, kverna kjøt, foredla kjøt, mekanisk utbeina kjøt og kjøtprodukt som kjem frå flokkar av vaksinerte økologiske og frittgåande verpehøner, vert sende til andre medlemsstatar berre dersom dei oppfyller dei følgjande vilkåra:

- a) kjøtet og kjøtprodukt kjem frå fjørfe som
 - i) stammar frå flokkar der det med tanke på sterkt sjukdomsframkallande aviær influensa og i samsvar med planen for førebyggjande vaksinasjon er vorte utført jamlege kontrollar og prøvingar med negative resultat, med særleg merksemd retta mot kontrollfuglar,
 - ii) stammar frå flokkar som er vortne klinisk undersøkte av ein offentleg veterinær innan dei siste 48 timane før lasting, med særleg merksemd retta mot kontrollfuglar,
 - iii) vert haldne åtskilde frå andre flokkar som ikkje er i samsvar med føresegnene i punkt i) og ii) ovanfor, og
- b) kjøtet og kjøtprodukt er vortne framstilte i samsvar med vedlegg II og avsnitt II og III i vedlegg III til forordning (EF) nr. 853/2004 og kontrollerte i samsvar med avsnitt I, II og III og avsnitt IV kapittel V og VII i vedlegg I til forordning (EF) nr. 854/2004.

2. Den rette styresmakta skal syte for at kverna kjøt, foredla kjøt, mekanisk utbeina kjøt og kjøtprodukt som kjem frå flokkar av vaksinerte økologiske og frittgåande verpehøner, berre vert sende til andre medlemsstatar dersom slikt kjøt, foredla kjøt eller slike kjøtprodukt oppfyller krava i nr. 1 og er framstilte i samsvar med avsnitt V og VI i vedlegg III til forordning (EF) nr. 853/2004.

*Artikkel 10***Rapportering**

Nederland skal innan éin månad rekna frå datoen då dette vedtaket tek til å gjelde, sende over til Kommisjonen ein rapport om gjennomføringa av planen for førebyggjande vaksinasjon, og kvart kvartal leggje fram rapport for Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa.

*Artikkel 11***Oppheving**

Vedtak 2006/147/EF vert oppheva.

*Artikkel 12***Adressatar**

Dette vedtaket er retta til Kongeriket Nederland.

Utferda i Brussel, 27. august 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen
